



Årsmelding for 2023

1. Styret

Dette styret vart valt på årsmøtet 26.02.2023. Styret konstituerte seg på styremøtet 06.03.2023.

Sigrid Espeland Lerbak, leiar (valt for eitt år)	Varamedlemer:
Harry Solberg, nestleiar (ikkje på val)	1. Knut O. Dale (attvald for eitt år)
Harald Jordal, skrivar (attvald for 2 år)	2. Håkon Tverdal (valt for eitt år)
Ragnhild Helle, kasserar (ny, vald for 2 år)	3. Håkon Widding (valt for eitt år av styret etter fullmakt frå årsmøtet)
Solveig Grønlien (ikkje på val)	Valnemnd: Siri Jordal (leiar), Tommy Tverdal og Stine K. Haugland Revisor: Dagmar Lien Isdal.

I 2023 hadde styret 12 møte.

2. Medlemstalet

Medlemstalet i 2023 var på 142 som er det same medlemstalet som året før. Likevel har vi sju nye namn på medlemslista.

Tidleg i året mottok vi gåve frå Noregs Mållag for 12 nye medlemmer i 2022.

3. Aktuelt i 2023

Ny opplæringslov vart vedteken i Stortinget 2. juni 2023. Oddamodellen, språkdelt opplæring i alle fag, er no blitt lovfesta for heile grunnskulen. Dette har vore eit langvarig og særst godt arbeid av Harald Jordal, Knut O. Dale og Terje Kollbotn i Odda Mållag. Gratulera med sigeren, Odda Mållag!

Harry Solberg vart overrekk Kongens fortjenestmedalje den 28. april. Harald Jordal, Knut O. Dale, Kristen D. Eitrheim og Ingvild Jøsendal var til stades.

Nynorskforfattaren Jon Fosse fekk Nobelprisen i litteratur.

Solveig Grønlien har også i år vore styremedlem i Hordaland Mållag.

4. Tilskipingar

a. Etter årsmøtet 26.02.23

Leiar i Noregs Mållag Peder L. Hauge og Knut O. Dale drøfta brennaktuelle tema som mellom anna ny opplæringslov, bokmålslevar i nynorskklassar på barnesteget, Oddamodellen, vilkåra for nynorskelevane i den vidaregåande skulen, digital likeverd i skulekvardagen, samt avklarte Peder L. Hauge Noregs Mållag sitt syn på likeverdige eksamenskrav.

b. Salsbu på Røldalsmarknaden 24.-25.06.23

Solveig Grønlien, Sigrid E. Lerbak og familien Grønlien Wik representerte Odda Mållag med salsbu.



c. Tur til Gjetingsdalen 20. august

40 deltakarar, herav 30 medlemer, var med då vi skipa til tur til Gjetingsdalen. Først tok Åse Bratland og Per Magne Eikenes imot oss i rekkjetunet på Eikenes. Etter betasuppe i gamleskulen fortalte Anfinn Bakke om bygda. Anton Langeland, generalsekretær i Norsk bonde- og småbrukarlag, skildra landbruket i dalen og landet. Turen vart avslutta med kaffi og kaker på skuleplassen. Ein sær s v e l l u k k a dag i fint sommarvêr.

d. Jakob Sande-kveld

Saman med Odda sokneråd skipa vi til ein kulturkveld på soknehuset. Toralf Baldersheim kåserte og song oss gjennom livet til Jakob Sande. 77 personar frå heile distriktet fann turen til soknehuset.

e. Salsbu på Sørfjordsenteret

Etter lanseringa av Odda i manns minne har Odda Mållag v/Solveig Grønlien og hjelparar vore representert på salsbu på Sørfjordsenteret fredagar og laurdagar heilt fram til jul.

f. Jolatorget pao Nao

Solveig Grønlien og Harald Jordal hadde salsbu på jolatorget i år.

**g. Den årlege kulturkvelden med lansering av Odda i manns minne
19.11.23**

Den viktigaste programposten denne kvelden, var presentasjon av Odda i manns minne. Harry Solberg, som har vore både nav og dynamo i alle utgjevingar, fortalde kortfatta om prosjektet. Dette er den 32. utgjevinga. Dei som har ytt bidrag til boka, fekk eit eksemplar kvar. Hallgeir Opedal vart overrekk målprisen for 2022. Ungdomslaget selde mat og kaffi, elles var det allsong, loddsal, tippetevling og lun stemning. Vidar Børve stod for musikken. Omlag 60 frammøtte.

h. Skulemålsarbeid

- i.** Møte med Odda barneskole og kommunalsjef for oppvekst Anna Maria Kråkevik 14. april vedkommande retten til å gå i eiga språkgruppe for bokmålselevar i nynorskklasser.
- ii.** Møte med ordføraren 2. mai om språkdeling i ungdomsskolen.
- iii.** Møte med Odda barneskole 13. sept.
- iv.** Møte med kommunalsjef for oppvekst Anna Maria Kråkevik og pedagogisk rådgjevar Marit Langaas 11. desember om den nye opplæringslova og Oddamodellen. .

i. Songkveld i Skare og Klassekviss

Førebuinga er i gang.

5. Lysingar

- a. Innskrivinga 2023
- b. Årsmøte 2023
- c. Oppmoding til å senda inn stoff til Odda i manns minne
- d. Gjetingsdalen
- e. Jakob Sande-kvelden
- f. Oppmoding om å melda seg inn i mållaget for å støtta arbeidet med ny opplæringslov. Lysing saman med Jondal Mållag og Ullensvang Mållag med innrykk på Nynorskdagen den 12. mai.
- g. Kulturkvelden med lansering av Odda i manns minne.



h. Julehelsing i Radio Folgefonn

6. Deltakarar frå Odda Mållag på ulike møte

- a. Sigrid E. Lerbak deltok på digitalt motivasjonsseminar om årsmøte i regi av Noregs Mållag 9. januar.
- b. Solveig Grønlien og Knut O. Dale deltok på Bergenskonferansen 14. januar.
- c. Årsmøtet til Hordaland Mållag 06.03.22 hadde følgjande utsendingar frå Odda: Håkon Tverdal, Åse Røgenes, Knut O. Dale, Sigrid E. Lerbak og Solveig Grønlien. Sistnemnde representerte Hordaland Mållag. Talarstolen vart hyppig brukt av representantane frå Odda.
- d. Sigrid E. Lerbak deltok på Nasjonalt vårseminar i Ålesund 25.-26. mars.
- e. Knut O. Dale deltok på LNK (Landssamansluttinga av nynorsk kommunar) sitt landsting og 30-årsjubileum i Sogndal 1.-2. juni.
- f. Solveig Grønlien og Knut O. Dale reiste til Bergen og deltok på Lokallagsseminar i Hordaland Mållag 21. oktober. Sigrid E. Lerbak deltok digitalt. Knut O. Dale innleidde om skulemålsarbeid i Hordaland.
- g. Solveig Grønlien og Sigrid E. Lerbak deltok på Folkemøte om frivillig- og samspelsstrategi Ullensvang kommune.

7. Odda i manns minne nr. 32

Opplaget var i år på 950 eksemplar. I skriftstyret sit Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Solveig Grønlien og Sigrid E. Lerbak har administrert salet. Kvaliteten av denne utgjevinga er fullt på høgde med tidlegare bøker.

8. Gåver, tilskot og andre påskjøningar

- a. Katten Mållag i Bergen skipa til Bergenskonferansen. Odda Mållag støtta med kr 3 000,-
- b. Noregs Mållag har fått kr 5 000,- til "lobbyaktivitet" inn mot Stortinget vedkommande den nye opplæringslova.
- c. Hardanger spillfest har fått kr 1 500,-
- d. Årsmøtet tildelte målprisen for 2022 til Hallgeir Opedal. Grunngevinga ligg på www.oddamallag.no.
- e. Beste nynorskelev får tildelt Opedalprisen, medan den nest beste eleven plar få nynorskprisen frå mållaget. I år var det eit lite kull; og berre ein elev som utmerka seg. Ingrid Øyre Trones fekk Opedalprisen og av Odda mållag eit medlemskap i Norsk Målungdom ut 2024.
- f. Gåveabonnement på Norsk barneblad til Odda legesenter og Odda tannklinikk
- g. Gåveabonnement på Dag og Tid til Odda sjukehus
- h. Vener av Dag og Tid vart tildelt kr 500,-
- i. Kraftmuseets vener
- j. Medlemskap hos Radio Folgefonn

9. Økonomi

Kontingenten i 2023 var på kr 360,- for ordinær medlem og kr 180,- for husstandsmedlem. Odda Mållag har ikkje lokalsats, det betyr at alt det medlemmene betaler inn går til Hordaland Mållag og Noregs Mållag.

Rekneskapan vert lagd fram på årsmøtet. Økonomien til Odda Mållag er god.

Rekneskapan er ført av Ragnhild Helle og Sigrid E. Lerbak med god hjelp frå revisor Dagmar Lien Isdal.



10. Nynorskprosenten i Odda-skulane

I skuleåret 2023/24 har 67 % av elevane i «gamle» Odda kommune nynorsk som hovudmål. Dette er to prosent mindre enn året før. Tala er henta frå GSI (Grunnskolenes informasjonstjeneste) pr. 15.12.2023.

I andreklasse ved Odda barneskole er det ikkje oppretta eigen bokmålsklasse. Dei sju bokmålselevane går saman med nynorskelevar, men har bøkene sine på bokmål.

I 9. og 10. klasse ved Odda ungdomsskole er ikkje elevane delte i norskundervisninga. Timetalet vert delt halvt om halvt mellom nynorsk og bokmål, men elevane har all undervisning samla.